

Avklaring om skuledagar og alternativt opplegg i eksamensperioden Vg1/vg2

Skuleåret i vidaregåande opplæring omfattar 190 skuledagar, i tråd med gjeldande regelverk. Desse dagane skal nyttast til opplæring som er ein del av elevane si ordinære skuleplikt.

I eksamensperioden vert det gjennomført munnlege og munnleg-praktiske eksamenar, og skulen er difor disponert til eksamensavvikling. Vi har dermed ikkje nok klasserom til å gjennomføre ordinær undervisning. Det er i tillegg heilt nødvendig med ro og eigna arbeidsforhold for elevar som er oppe til eksamen.

For å sikre at elevane får eit fullverdig opplæringstilbod, og at skuleåret framleis omfattar 190 skuledagar, vil ein i eksamensperioden gjennomføre **alternative skuledagar**. Desse dagane er ein del av ordinær opplæring.

Vi gjennomfører **tverrfaglege** opplegg som er forankra i læreplanen. Elevane får informasjon på Teams om innhald og møtestad. Nokre dagar vert på skulen, og nokre dagar utanfor skulen.

Det er viktig å presisere at:

- dei alternative dagane er ein del av opplæringa
- alle elevar **skal delta**
- elevane skal følgje aktivitetar i InSchool og får informasjon på Teams

Denne løysinga er i samsvar med **opplæringslova og forskrift til opplæringslova**, som gir skulen høve til å organisere opplæringa på ulike måtar, så lenge elevane får eit forsvarleg og planlagt opplæringstilbod innanfor ramma av 190 skuledagar.

Skulen håpar på forståing for denne tilpassinga, som sikrar gode eksamensvilkår og eit heilskapleg tilbod til alle elevar. Vi forventar at alle elevar deltek etter planen.

⊞ Oversikt over alternative dager i juni 2025/2026 VG1 og Vg2 (Aktiviteter merka med gult er for dei som ikkje har eksamen)

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
23	01.06 Vanleg skuledag	02.06 Vanleg skuledag	03.06 Vanleg skuledag	04.06 Førebuing munnleg eksamen Miljødag/oppdrag utanfor skulen Informasjon frå kontaktlærer	05.06 Munnleg eksamen Vanleg skuledag/fagdag fri Tverrfagleg eksamen
			Førebuing tverrfagleg	Førebuing tverrfagleg	
24	08.06 Vanleg skuledag	09.09 Vanleg skuledag	10.06 Førebuing munnleg eksamen FILMPROSJEKT	11.06 Munnleg eksamen FILMPROSJEKT	12.06 FILMPROSJEKT
	Førebuing tverrfagleg Rydding av klasserom Bokinnlevering	Førebuing tverrfagleg Rydding av klasserom Bokinnlevering	Tverrfagleg eksamen Førebuing tverrfagleg	Førebuing tverrfagleg	Tverrfagleg eksamen
25	15.06 Solidaritetsdag/oppdrag utanfor skulen Informasjon frå kontaktlærer	16.06 Identitet og kulturelt mangfald/på skule	17.06 Aktivitetsdag/på skulen	18.06 Klassevis avslutning med kontaktlærer og faglærarar	19.06 Avslutning for heile skulen Informasjon på Teams
	Førebuing tverrfagleg Bokinnlevering for dei som har hatt eksamen 11.06 Avslutning VG3 (kveld) Sommarfest VK	Førebuing tverrfagleg	Tverrfagleg eksamen Førebuing tverrfagleg	Tverrfagleg eksamen	

Leiargruppa, KVV